



Møtereferat; 19.februar kl 10.30 – 12.15

Referent: Ingebjørg Erikstad

Dato
LEIKANGER, 26.02.2018

Deltakarar:

MiSF: styreleiar Laura Kvamme, adm dir. Kjartan Aa Berge, seniorrådgjevar Thomas Walle
 Førde kommune: ordførar Olve Grotle, rådmann Ole John Østenstad, kommunalsjef Trond Ueland
 Naustdal kommune: ordførar Håkon Myrvang, rådmann Øystein Bang-Olsen
 Gaula kommune: ordførar Mathias Råheim
 Jølster kommune: ordførar Oddmund Klakegg
 Fjaler kommune: ordførar Gunhild Berge Stang, rådmann Martin Lundgård
 Sogn og Fjordane fylkeskommune: fylkesordførar Jenny Følling, fylkesrådmann Tore Eriksen,
 bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund, fylkesdirektør Jan Heggheim, ass fylkesdirektør
 Ingebjørg Erikstad

"Kløften" - fornya søknad om investeringstilskot

Bakgrunn:

Både museumsprosjektet «Kløften» og prosjektet med magasinbygg i Angedalen (Ramstad) har fått tilbakemeldingar frå Kulturdepartementet på søknader sendt inn innan fristen 1. mars 2017. Begge får avslag. I sine vurderingar av prosjektet «Kløften» ber departementet om at nokre punkt i søknaden blir utvikla vidare, og dei ber om ei tydelegare samordning av dei to prosjekta. Ramstad er Musea i Sogn og Fjordane sitt prosjekt. «Kløften» er eit fellesprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunane og MiSF. Svar frå departementet på søknadene er daterte 15. januar 2018. Frist for innsending av ny søknad er 1. mars 2018. Det er svært kort tid.

Mål med møtet:

Fylkeskommunen inviterte til møte 19.02.18. Møtet var meint som ei avklaring omkring kommunane sin posisjon med tanke på fornya søknad på prosjektet «Kløften». Vi må gjere ei vurdering av konsekvensane av å sende ny søknad i 2018 eller 2019. Alle inviterte organisasjonar var involverte i søknaden som omhandla «Kløften»-prosjektet, difor er alle også inviterte no.

Ønska resultat:

Samla synspunkt frå fylkeskommunen, vertskommunen Førde og eigarkommunane om vidare handtering av søknaden. Gi viktige signal til Musea i Sogn og Fjordane med tanke på parallelt prosjekt med magasin i Angedalen.

Konklusjon:

Etter innleiingar og ei drøftingsrunde avslutta fylkesordførar Jenny Følling møtet med å konkludere med at ut frå den gode støtta «Kløften» har i kommunane og fylkeskommunen, vert det sendt søknad på nytt innan 1. mars 2018. Fylkesordføraren utfordra MiSF til å jobbe vidare med den museumsfaglege delen av prosjektet. Fylkeskommunen tek kontakt med departementet for å avtale å få ettersende naudsnyt dokumentasjon.

Mottakar (ar):

Stiftinga Musea I Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
 Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
 Gaula kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
 Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
 Sogn og Fjordane Fylkeskommune Askedalen 2 6863 LEIKANGER

Møtedeltakarane